

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.01.2010
Sakhandsamar: Leif Johan Røthe
Saka gjeld: **Forprosjekt for "nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin",
BUSP, fase 1**

Arkivsak
2010/16/
Styresak 010/10 B

Styremøte 03.02. 2010

Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner at den framlagte forprosjektrapporten vert lagt til grunn for føreståande detaljprosjektering av "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP), Fase 1.
2. Prosjektkostnaden for BUSP fase 1 vert sett til 1.305 mill desember 2007-kroner medrekna renter for byggjelån og avsetnad for å oppnå 85% tryggleik for at investeringsramma ikkje vert overskriden
3. Styret ber om at det blir søkt om 50% lånefinansiering frå sentrale myndigheiter.
4. Styret ber administrerande direktør om å etablere nødvendige oppfølgings- og rapporteringsrutinar for BUSP. Fase 1.

Oppsummering

Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP) er ein del av arealplanen for Helse Bergen HF. Med denne utbygginga har Helse Bergen HF starta på første etappe av BUSP som inneheld den psykiatriske delen av utbygginga. Den somatiske delen av BUSP er lagt inn i fase 2. Totalkostnaden for BUSP fase 1 er sett til 1305 mill, og planlagd ferdigstilling er satt til 2015.

Administrerande direktør rår til at styret godkjenner at den framlagte forprosjektrapporten vert lagt til grunn for føreståande detaljprosjektering av "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP), Fase 1.

Fakta

Planane for eit BUSP har vore fremma for Helse Bergen HF sitt styre fleire gonger. Behandling og godkjenning av forprosjekt fase 1 vart behandla av styret i Helse Bergen HF i styremøte 17.12. 2009 (sak 78/09 B). Det vart gjort følgjande vedtak i saka:

1. Styret i Helse Bergen HF tilrår at den framlagte forprosjektrapporten vert lagt til grunn for føreståande detaljprosjektering av "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP), Fase 1"
2. Prosjektkostnaden for BUSP fase 1 vert sett til 1.305 mill 2007-kroner medrekna renter for byggjelån og avsetnad for å oppnå 85% tryggleik for at investeringsramma ikkje vert overskriden
3. Styret ber Helse Vest RHF sørge for at investeringa i prosjektet vert dekt med 50% lånefinansiering
4. Forprosjektet vert å leggja fram for styret i Helse Vest RHF for godkjenning etter naudsynt behandling og avklaring med Helse- og omsorgsdepartementet

I etterkant av styrebehandlinga i Helse Bergen HF er forprosjektet gjennomgått i styringsdialog med Helse Vest RHF. I denne dialogen er det påpeika ein del forhold som Helse Bergen er bedt om å gjere nærmare greie for. Forholda er knytt til val av organisasjonsmodell, risikohandsaming, og fokus på økonomioppfølging i prosjektgjennomføringa. Desse spørsmåla blir nærmare omtala nedanfor. Prosjektet er også blitt presentert for Helse- og omsorgsdepartementet, og det er meldt til departementet at gjennomføring av prosjektet føreset 50 % lånefinansiering.

Kommentar

Innleiing

I styremøte 02.09.09 (sak 081/2009) vart styret i Helse Vest for første gong invitert til å gjere vedtak om innhaldet i BUSP-prosjektet. Konseptet for første del (fase 1) av utbyggingsplanane, - modifisert med oppdatert areal- og kostnadsramme frå gjennomført forprosjektering året før - vart då lagt fram. Fase 1 inneheld areal for barne- og ungdomspsykiatri, psykosomatisk medisin og lokale for forskning og undervisning både i regi av Helse Bergen, men og i regi av Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bergen. Det vart gjort slikt vedtak:

1. *Styret ber om at det blir etablert formell styringsdialog med Helse- og omsorgsdepartementet om prosjektet "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin" i Helse Bergen.*
2. *Med atterhald om utfallet av styringsdialogen med Helse- og omsorgsdepartementet, godkjenner styret at fase 1 for nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP) blir vidareført til forprosjekt. Forprosjektet skal bli lagt fram for styret i Helse Vest i tråd med gjeldande investeringsprosedyre.*
3. *Kostnadsramma for fase 1 blir sett til kr 1.310 mrd.*
4. *Helse Bergen må i samband med at forprosjekt blir lagt fram for Helse Vest gjere nærare greie for det finansielle og driftsøkonomiske grunnlaget for gjennomføring av prosjektet. Det skal utarbeidast følgjande beslutningsgrunnlag:*

- *Investeringsanalyse med driftsøkonomiske konsekvensar*
- *Langtidsbudsjett på 5 pluss 5 år som synleggjer:*
- *Samla investeringsplan inkludert BUSP*
- *Likviditetsmessige konsekvensar av investeringsplanen og behov for lån*
- *Driftsøkonomiske konsekvensar av den samla investeringsplanen samt korleis føretaket skal løyse dei driftsøkonomiske konsekvensane*

I sak 81/09 står det at den opphavlege kalkylen var på 1,31 mrd 2007 kroner med 50% tryggleik. Det blir og vist til at om ein auker tryggleiken i kalkylen til 85% så auker kalkylen til 1,57 mrd 2007 kroner.

Styret i Helse Vest vedtok ei kostnadsramme på 1,31 mrd kroner. Det var ikkje presisert kva kroneverdi som var lagt til grunn for denne kostnadsramma. Administrasjonen har i det vidare arbeidet med prosjektet lagt til grunn at kostnadsramma på 1,31 mrd kr var sett i 2007 kroner. Dersom styret har lagt ei anna forståing til grunn så må dette bli korrigert i vedtaket som styret no skal fatte. I saka om langtidsbudsjett 2010 – 2014 er kostnadsopverslaget for BUSP i 2009 prisar nytta slik at styret kan gjere ei endring om dette er ønska.

Forprosjekt for Fase 1

Basert på Helse Vest styret si godkjenning av konseptet for BUSP fase 1, vart prosjekteringsteamet reetablert og naudsynt arbeid vart sett i verk for å tilpassa allereie utarbeidd forprosjekt til dei rammene som var sett. Dette arbeidet har skjedd i nær kontakt med relevante fagmiljø i Helse Vest sin administrasjon.

Kostnadsramma på 1.310 mrd. (2007 kr.) ligg 16.6% under kalkylen for komplett fase 1-utbygging slik prosjektet vart prosjektert fram til forprosjekt våren 2008. Det er semje om at reduksjonen av investeringsramma i hovudsak må skje ved at storleiken på utbygginga vert redusert, og ikkje ved at material- eller anleggskvaliteten vert redusert.

Det er gjort følgjande grep for å oppnå dette:

- To tangentar som var tiltenkt lokale for sjukehusundervisninga er tatt ut av prosjektet, og eit sterkt redusert romprogram for skule er innarbeidd i den attverande delen av fase 1
- Familieeininga til barne- og ungdomspsykiatrien er redusert med eitt husvære (frå 3 til 2)
- Eitt av to auditorium er tatt ut or prosjektet
- Areal tiltenkt Universitetet i Bergen, men som det førebels ikkje ligg føre bindande avtaler om, vert berre tilrettelagt for framtidig ferdigstilling
- Barna sitt energisenter vert som hovudregel ferdigstilt som råbygg, men tilrettelagt for ferdigstilling basert på investeringstilskot frå private gjevarar

Det er lagt opp til at investeringstilskot frå privat hald til delfinansiering av Barnas energisenter skal sjåast på som tillegg til den investeringsramma som er fastlagt av Helse Vest sitt styre. Full ferdigstilling av senteret vil krevje tilskot på om lag 100 mill kroner dersom fullføring av senteret skjer samstundes med resten av fase 1-utbygginga. Dersom fullføring av Barnas energisenter skjer som eige delprosjekt seinare, må ein rekne med et investeringsbehov på 120-125 mill kroner.

Samla kalkyle for det forprosjektet som no vert lagt fram, er på 1.305 mrd inkl. rente for byggjelån og avsetnad for å oppnå 85% tryggleik for at ein ikkje får overskriding av ramma for investeringa. Det er i dialog med Helse Vest sin administrasjon lagt til grunn at finansieringsplanen på dette stadiet skal ta utgangspunkt i 50% lånefinansiering av investeringane. Alle prisane er rekna ut frå prisnivå desember 2007, slik at det vert lett å samanlikna utviklinga av prosjektet frå konsept til forprosjekt.

I samsvar med krava i prosedyren for større investeringar, er det gjennomført ein uavhengig tredjepartskontroll av kalkylen, samt ein usikkerheitsanalyse av både kalkyle og framdriftsplan. Innhaldet og konklusjonane frå desse analysane som går fram av vedlegg til forprosjektrapporten, gjev auka tryggleik for at BUSP fase 1 kan gjennomførast i samsvar med det forprosjektet som no vert lagt fram.

Økonomi

Helse Vest styret si godkjenning av konseptet for BUSP fase 1 set krav om fleire økonomiske vurderingar som del av grunnlaget for behandling av forprosjektet.

Dei driftsøkonomiske konsekvensane av BUSP-investeringa er gjort nærare greie for i forprosjektet, kapittel 9.7. Med dei føresetnadene som er gjort med omsyn til låneopptak, rentenivå og avskrivningstid, vil fullføring av BUSP fase 1 føre til auka belastning på Helse Bergen sin driftsrekneskap på ca 72 mill kroner frå 2016. I løpet av ein 6-års periode bør det vere godt mogleg å tilpasse drifta av Helse Bergen til ein kostnadsauke av denne storleiken.

Med utgangspunkt i det nye investeringsregimet (jfr. styrevedtak i Helse Vest, sak 121/08 B), er det utarbeidd følgjande oversyn for å vise kva rammer Helse Bergen kan ha for årlege investeringar i komande 10-års bolck. Tala i investeringsbudsjettet nedanfor er noko endra samanlikna med tidlegare. Dette gjeld resultatkravet for 2010 som er justert noko ned, og at det gjort føresetnader om stabile avskrivningar i perioden:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Effektivisering pga. økt drifts- og finanskostnad	0	0	0	0	0	0	70	70	70	70	70
Driftsresultat	110	160	180	200	220	220	220	220	220	220	220
+ Avskrivning + Nedskrivning anleggsmidler	425	420	420	420	420	420	420	420	420	420	420
= Kontantstrøm fra driften	535	580	600	620	640	640	640	640	640	640	640
- Resultatavvik 2009 (budsjettavvik)	0										
+ Opptak av nye lån (BUSP trinn I 50%)		108	140	162	162	135					
+ Opptak av nye lån (BUSP trinn II 50%)						80	150	150	172	195	195
- Avdrag lån	-50	-50	-50	-50	-50	-50	-78	-78	-78	-78	-78
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-70	-5	-5	-5	-5	-5	-5	-5	-5	-5	-5
+ Salg av anleggsmidler (netto)	0	0	0	20	20	0	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringer	415	633	685	747	767	800	707	707	728	752	752

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Investering BUSP trinn I	45	210	240	340	300	243	0	0	0	0	0
Investering BUSP trinn II						160	300	300	343	390	390
Investering bygg,	210	267	287	242	301	231	241	211	189	166	166
Investering MTU	90	90	90	95	95	95	95	95	95	95	95
Investering ambulanser	8	8	8	8	8	8	8	8	8	8	8
Investering teknisk anlegg/infrastruktur	40	40	40	44	45	45	45	45	45	45	45
Investering avdelingsvise	22	18	20	18	18	18	18	18	18	18	18
Sum investeringer	415	633	685	747	767	800	707	677	698	722	722

Noter:

- 1) Eksernt finansierte investeringer er ikke med, verken på investeringssiden eller finansieringssiden
- 2) Avskrivningsnivået fra 2011 er estimert. Detaljeringsgrad av dette vil bli forbedret i nye versjoner
- 3) Det er forutsatt at Helse Bergen opprettholder en driftskreditt på 1,5 mrd. kr. i hele perioden.
- 4) Alternativkostnaden ved bruk av kapital er ikke hensyntatt - det er naturlig å sette denne lik kostnaden ved kreditten.
- 5) BUSP trinn 2 er basert på grove anslag - samlet kostnadsoverslag 1883 mill.kr.
- 6) Restmidler til andre bygg herunder nevrosenter, kreftbygg og rehabiliteringsbygg på Nordås er ikke tilstrekkelig i perioden 2015 -2020

Pågåande arbeid i Helse Bergen med investeringsbudsjett for 2010 og langtidsbudsjettet fram til 2014 baserer seg på dei same rammene. Der blir det vist kva andre viktige utbyggingsprosjekt som er lagt inn i planperioden fram til 2014.

Hovudkonklusjonen er at Helse Bergen kan fullføre BUSP fase 1 innan 2015, og deretter gå vidare med fase 2 med basis i det investeringsbudsjettet som føreligg. Ved gjennomføring av BUSP er det føresett at halvparten av finansieringsbehovet vert dekt ved opptak av lån.

Arealplanen er samansett av mange mindre og mellomstore investeringsprosjekt. Sjølv om realiseringa av prosjekta i ein viss grad heng innbyrdes saman, gjev planen stor grad av fleksibilitet med omsyn til auke eller reduksjon i tempo for gjennomføring. Dette gjer det mogleg å ta omsyn til svingingar i byggemarknaden og i tilgangen på kapital i form av lån og/eller investeringstilskot i planperioden.

Moment i styredialogen

I etterkant av styrevedtaket i Helse Bergen HF 17.12.2009 er forprosjektet gjennomgått i styringsdialog med Helse Vest. I denne gjennomgangen er det særskild fokusert på kalkylegrunlaget og prosjektet si totalramme, val av organisering og risikoaspektar ved prosjektgjennomføringa.

Helse Bergen har hatt eksterne selskap inne for å verifisere kalkylane. Tredjeparts verifikasjon som er utført av Rambøll, er vedlagt forprosjektrapporten. Det er vidare gjennomført usikkerheitsanalysar for forprosjektet, der det mellom anna er peika på høg risiko knytt til val av organisering, samt kompetanse og erfaringa til personane i organisasjonen.

Helse Bergen har valt ein prosjektorganisering ved bruk av eige prosjektkontor. Dette er tilsvarende som ved tilsvarende prosjekt gjennomført dei seinare år. Helse Bergen har god erfaring med dette.

Prosedyre for beslutning om og gjennomføring av investeringsprosjekt (sak 39/04 B) set følgjande krav til styring av prosjekt:

Til styring av byggeprosjektet skal det anvendes anerkjent prosjektstyringsverktøy som sikrer at prosjektet realiseres i tråd med forutsetningene, kostnadsoversikt, kostnadskontroll og fremdrift i tråd med plan.

Krav til organisering av prosjektet må sees i forhold til prosjektets størrelse og hvilken fase prosjektet befinner seg i. Det er imidlertid påkrevd at det stilles tilstrekkelig kompetanse og prosjektpersonell til disposisjon for gjennomføring av prosjekter. For større prosjekter skal det etableres egen prosjektorganisasjon. Denne prosjektorganisasjonen skal i tillegg til rapportering internt i HF'et ha et løpende rapporteringskrav til RHF'et.

Basert på den styredialogen som har vore vil ein tilrå at ein styrkar økonomikompentansen i prosjektorganisasjonen, samt fokuserar på val av prosjektstyringsverktøy for ein utbygging i denne storleiken.

Det er også viktig at styret i Helse Bergen til ein kvar tid er orientert om utviklinga i prosjektet. Administrerande direktør vil kontinuerleg vurdere behovet for oppfølgings- og rapporteringsrutinar for ein ytterligare risikoreduksjon.

Konklusjon

Planlegginga av BUSP utbygginga har gått over fleire år og har vore handsama etter dei føringar som er vedteke for denne type utbygging. Styret i Helse Bergen har behandla dei einskilde fasane av prosjektet fram til godkjend forprosjekt.

Det har vidare vore ein kontinuerleg styringsdialog med Helse Vest gjennom heile planleggingsperioden. I denne dialogen er det er gitt føringar og etterspurd ytterlegare dokumentasjon der det har vore vurdert som nødvendig.

Administrerande direktør vil rå til at forprosjektet blir vidareført til detaljprosjektering basert på det framlagde forprosjektet. Administrerande direktør vil sjå til at nødvendige oppfølgings- og rapporteringsrutinar blir etablert.

Vedlegg:

- 1 Forprosjektrapport for BUSP Fase 1.
- 2 Mappe i A3-format med planteikningar, snitt, og illustrasjonar